

# VELKOMEN TIL HYTTÅ!

**Dette er ei av Luster Austre fjellstyre sine hytter som er til allmenn utleige.  
Med dette og andre tiltak, ønskjer fjellstyret å legge til rette for enkelt  
friluftsliv for alle.**

**Fjellstyret driv ikkje utleigeverksemd for eiga vinning. Utleiga er basert på  
tillit til at alle som brukar hyttene, ryddar og vaskar etter seg, tek med seg  
att søppel og matrestar, og gjer alt klart og koseleg til nestemann som kjem.  
Fjelloppsynet har ikkje kapasitet til alltid å sjekke at hyttene er i orden. Det  
kan bli aktuelt å fakturere for rydding og vasking i ettertid, viss dette ikkje  
har vore gjort tilfredsstillande.**

Luster Austre fjellstyre har 2 utleigehytter, denne og hytta ved Gjertvatnet. Hytta ved  
Gjertvatnet vert bygd oppatt sommaren 2016. Utleigehyttene er utstyrt med ved, gass,  
stearinljos og kjøkenutstyr. Innanbygdsbuande har billigare leige enn utanbygds.

Hytta har 8 sengeplassar og vart oppført i 2002 og tatt i bruk 2003 og er av god stand.

Fjellstyret har båt liggande ved Prestasteinsvatnet, Øvre og Nedre Hervavatn. Desse kan  
brukast fritt av dei som kjøper fiskekort.

Fiskekort kan kjøpast på Inatur. Ein har eit fiskekort som er for Jotunheimen, kor Lom  
fjellstyre, Luster Austre fjellstyre og Vågå fjellstyre har gått saman og laga eit fiskekort som  
dekkjer mange vatn. Luster Austre fjellstyre og Fortun Grunneigarlag har også gått saman og  
ein kan kjøpe eit fiskekort for over 50 fiskevatn i det området.

# HYTTEREGLAR

**Hovudregelen for besøkjande på hyttene våre er at de skal reise frå hytta i den stand de ynskjer å finne den, og gjerne litt betre!!**

- Alle SKAL skrive seg inn i hytteboka. I det minste med namn og dato for besøket.
- Sjekk at røykvarslar er på plass og i orden.
- Hundar er tillate å ha med, men skal ikkje være inne i sjølve hytta (kan ligge i vindfanget).
- Hytte og inventar skal vera skikkeleg reingjort når de reiser.
- Vask opp alt du har brukt, og rydd det på plass.
- Fyr i omnem med fornuft og fyll opp vedkassa att før de reiser.  
Vedtransport til hyttene er kostbart.
- Gasskokeapparatet skal brukast til matlaging, ikkje oppvarming. Steng gassventilen når de reiser.
- Ta med deg all søppel og tomgods, og alle matrestar. Varer som ikkje er opna, og tåler lagring godt, kan leggjast att som naudproviant.
- Tøm ut vassbytta.
- Viss glasskoddane var på plass då du kom, skal dei også vere på når du reiser att. Pass på at dei er skikkeleg festa.
- Dodøra skal vere forsvarleg lukka, og eventuelt låst.
- Ikkje tøm omn eller peis for oske ved avreise. Varm oske er brannfarleg!
- Vinterstid skal lufteventilar stengjast.
- Gje beskjed til fjellstyrekontoret om noko manglar eller er skada, og når reinhaldet har vore mangelfullt.

Har du brukt båt, ver sikker på at den er skikkeleg lagt opp og fortøya.